



29-April-2014

MESTERHUS
- det blir som avtalt

B1

Lindås kommune

Hjelmås, 07.04.2014

**Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan, Storneset Aust, Leiknes
Vedr gnr. 195 bnr. 215**

Ein søker herved om dispensasjon frå § 2.2.1 i reguleringsplan, vedr byggegrense til veg.
Tiltakshaver ønskjer å plassere garasje 4m frå vegkant.
Natursteinsmur ønskjer ein å plassere 2,5m frå vegkant.

Grunnar til at ein søker om dispensasjon er:

- Ein ønskjer å plassere garasjen 4m frå vegkant slik at ein får tilstrekkelig med plass mellom garasje og eksisterende sportsbod for å komme forbi med bil.
- Ved garasjeplassering 4m frå vegkant, vil ein også få betre plass til å snu bilar mellom garasje og bustadhus.
- Ved omsøkt garasjeplassering så vil innkjøring i garasje få ein meir naturleg plassering i forhold til vegen på tomten.

Ein plassering av garasje på 4m frå veg og mur 2,5m frå veg, vil ikkje være til hinder for sikt på vegen til byggefeltet, sidan vegen går med rettstrekk forbi omsøkt tomt.

Natursteinsmuren er plassert 2,5m frå vegkant, slik at ein tilfredstiller 30m siktkrav både for utkjøring frå parkeringsplassen til barnehagen, og frå privat utkjøring.
Steingarden som går i grensa skal ein beholde. Ny natursteinsmur kjem til å gå imot enden på steingarden. Dette vil også bidra til å stabilisere enden av steingarden.

Oddbjørn Hindenes
Oddbjørn Hindenes

for

Kålås & Sonnerud
BYGGEVAREHANDEL